

**Kursleiar for røykjeslutt?**

25.06.2007

**Har du lyst til å bli kursleiar for røykjesluttkurs?**

Nasjonalforeningen for folkehelse arrangerer røykjesluttkurs i samarbeid med helselaga i Uskedalen, Løfallstrand, Rosendal og Seimsfoss samt kommunen. No annonserar dei etter kursleiar.

For ein som er ikkje-røykjar, har interesse for forebyggjande arbeid og trivst saman med folk bør dette vera eit oppdrag midt i blinken, meiner prosjektleiar Helga Sekkingstad Hauge.

Hvis du er interessert, forpliktar du deg til å ta eit to dagars kurs i Bergen der du lærer å bli kursleiar. Du får dekkja kost og losji ved denne deltakinga.

Kursa du skal leia varar i seks veker og det er to timar kurs kvar veke. Honoraret er 4.000 kroner.

- Ein kursleiar får innsikt i spanande gruppeprosessar og nyttige erfaringar å ta med seg vidare i livet, seier prosjektleiaren.

Ho har telefon 920 53 445